



Vi har berre ein klode

Verdas
Miljødag

SV

sv.no/bli-medlem





Vi har berre ein klode

Aldri før har så mange gjort så mykje for å avgrensa klimagassutsleppa. Likevel er tida i ferd med å renne ut for 1,5-gradersmålet. 5. juni kvart år markerer vi verdas miljødag. Dagen vart etablert i 1972 for å auka folks medvit omkring miljøspørsmål, og behovet for ein slik dag har ikkje vorte mindre sidan då. Tema for årets miljødag er kampanjen "Berre ein klode", som handlar om at jordkloden den einaste planet det er mogleg å bu på og derfor må vi ta vare på han.

Den siste rapporten frå FNs klimapanel gir oss nok ein krystallklar marsjordre: Det finst teknologi, nok kapital og mykje politisk vilje, men tempoet må auke på alle frontar dersom vi skal unngå farlege klimaendringar. Sjølvsagt må vi slutte med ineffektive fossile subsidiar, og skru opp tempoet på grøne investeringar. På Stortinget har SV mellom anna foreslått ei ny satsing på havvind.

For å kunna redde planten må vi endre både samfunnet og økonomien til å vere meir inkluderande, meir rettferdig og meir i takt med naturen. Då må staten ta ei aktiv rolle. Dette er i den beste norske tradisjonen, det var jo slik oljeøkonomien i Noreg vart utvikla i si tid. Noreg vart ikkje bygd av privatkapitalistar og marknadsliberalisme, men av sterke fellesskap. Det er sånn vi kan få til eit rettferdig grønt skifte! Gratulerer med verdas miljødag.

Sosialistisk Venstreparti
Hagegata 22, 0653 Oslo
21 93 33 00
post@sv.no
sv.no

Meld deg inn i SV!
Send SMS med
INNMELDING <din e-post>
<ditt namn> <adressa di>
til 2090 (100 kroner)

